

Referat frå rådsmøte 12. oktober 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Arne Vinje, Jon Svartdal, Sverre Sæter, Ketil Kiland, Hans Bakke, Per Dehli, Hans Kristian Lehmann og Kjell Gunnar Heggnes.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 62/2010 Referat frå møte 14. september 2010.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 14. september 2010 vart godkjent utan merknader.

Sak 63/2010 Tannhelsetenesten i Vest-Telemark.

Fylkestannlege Tor Hildre orienterte om den nye organiseringa av tannhelsetenesten i Telemark. Tannhelsetenesten er delt i 4 distrikt, med tannklinikkar i Seljord, Åmot, Dalen, Høydalsmo Fyresdal, Nissedal og Rauland.

Rekrutteringssituasjonen for nye tannlegar er monaleg betre enn for nokre år sidan, klinikkane er utstyrt med moderne røntgenutstyr og ein er langt framme i bruken av IT.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 64/2010 Landstadsenteret i Seljord.

Karl Gran og Snorre Øvrebø var tilstades og orienterte nærare om arbeidet med Landstadsenteret i Seljord. Landstadsenteret vart formelt stifta hausten 2008 og har som føremål å ta vare på, vidareutvikle og formidle den kultur- og kyrkjehistoriske arven etter Magnus Brostrup Landstad. Landstaddagane har blitt eit årleg innslag med konsertar, foredrag, kåseri og sogespel. I tillegg er det i 2010 etablert ei vandreutstilling laga av biletkunstnaren Borgny Svalastog. Landstadsenteret har på sikt målsetjing om å bli knutepunktdestinasjon.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 65/2010 Drøftingssaker.

Mogleg oppretting av friluftsråd.

Per Dehli orienterte innleiingsvis om saken.

Det finst i dag 20 friluftsråd rundt omkring i landet, organisert på ulikt vis men med det til felles at dei er medlemmer av Friluftsrådernes Landsforbund. Råda har mellom anna fokus på viktige saker som friluftspolitik, folkehelse og miljøvern. Prosjektet *Vandreregionen* har ei innretning som ligg innafor dette området og ein ynskjer å orientere seg nærare i høve til fylkeskommunen og dei andre regionane i Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og ber rådmannsutvalet invitere Friluftsrådet Sør til eit komande møte for nærare orientering.

Statsbudsjettet.

Regionordførar viste til fylkesmannens komande orienteringsmøte i Bø og Rådet gjekk såleis ikkje nærare inn på saken.

Sak 66/2010 Orienteringssaker.Brannvernssamarbeidet.

Hans Kristian Lehmann orienterte kort om status i brannvernssamarbeidet. Det går føre seg eit arbeid i høve til beredskapen i regionen, og denne utvidinga av samarbeidet kan vera operativt frå juli neste år.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

LUK.

Regionrådsleiar orienterte kort om saken. LUK står for *Lokal samfunnsutvikling i kommunane*, og fylkeskommunen har ei sentral rolle i dette arbeidet. Staten løyver 1 mill. kroner kvart år i 5 år til føremålet, og i Telemark vil ein satse på opplæring innan prosjektkompetanse i kommunane/regionane. Det same vil ein gjera innan strategisk planlegging/utvikling. Det tredje og siste satsingsområdet er informasjonseffektivitet og kommunikasjonsstrategi.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Store utfordringar i fylkesvegbudsjettet i samband med Tinnsjø-tunellane.

Regionrådsleiar orienterte kort om utfordringane Telemark fylkeskommune no står ovanfor i samband med behovet for omfattande reparasjonar i tunellane langs Tinnsjøen. Heile årsbudsjettet for vedlikehald av fylkesvegane vil gå med dersom ikkje Staten tek ansvar for dette arbeidet.

Leiar av infrastrukturutvalet har signalisert at fylkeskommunen ikkje er villige til å endre vedlikehaldsbudsjettet og held fast ved at Staten må ta kostnadene.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og stiller seg bak Telemark fylkeskommune i saken. Regionrådsleiar får i oppdrag å ta opp saken med dei andre regionråda med tanke på tilslutning også frå dei.

Konferanse om høgfjellsvegane mellom aust og vest.

Regionrådsleiar orienterte om konferansen som vert halde annankvart år, og som tek opp utfordringane i høve til dei ulike fjellovergangane mellom aust og vest. Konferansen er viktig i høve til drift og vedlikehald av desse og legg premisser for vidare innretning.

Regionrådsleiar nytta høvet på årets konferanse til å foreslå at neste konferanse (2012) vert lagt til Bø. Ein vonar at denne vil få god deltaking frå regionane sør for Hardangervidda.

Vedtak: Orienteringa takast til vitande.

Høyring – ”Aktiv deltaking, likeverd og inkludering – eit heilskapleg hjelpemiddeltilbod”.

Olav Urbø orienterte kort om høyringa som har uttalefrist 15. oktober. Seljord kommune har laga uttale i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til Seljord kommune si uttale og denne vert å sende Arbeidsdepartementet som Rådets uttale i saken.

Sak 67/2010 Ymse.

Ingen saker.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes